



Erik Hermansen
Heiane 44 B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/671 - 17/5692

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
21.03.2017

Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr gbnr 27/205 snr 2 Heiane

Administrativt vedtak. Saknr: 83/2017

Saksutgreiing:

Det er i skriv, dagsett 15.03.017, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyret for husvære på eigedomen gnr 27, bnr 205, seksjon 2, Heiane 44 B. Søknaden er grunngjeven med at husvære ikkje har montert eldstad.

Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, kan etter søknad, sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2017.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyret.

Administrasjonen har vurdert eigar av gnr. 27 bnr. 205, snr. 2, sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2017 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar husvære på eigedomen gnr. 27, bnr. 205 snr. 2, i samsvar med søknad dagsett 15.03.2017. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.

Utsendt faktura for 1. termin 2017 vert kreditert og ny faktura vert ettersendt.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond
Smørdal

Mottakere:

Erik Hermansen

Heiane 44 B

5918

FREKHAUG